



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**
Statsråden

Husbanken
Postboks 824 Bedriftssenter

3007 DRAMMEN

Dykkar ref

Vår ref
07/2786-1 BEE

Dato

18 JAN 2008

Tildelingsbrev for 2008

Kommunal- og regionaldepartementet følger opp Stortinget sine vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 1 (2007-2008), Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) og St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar, tilsegnfullmakter og låneramme for Husbanken i 2008. Det blir òg gjort greie for kva inntekter som blir føresett i budsjetterminen. I brevet blir det vist til kva satsingsområde og mål som er gjeldande for Husbanken i 2008.

Departementet er avhengig av at rapporteringa på dei fastsette måla synleggjer graden av måloppnåing for dei oppgåvene, midlane og fullmaktene som er delegert til Husbanken. Midlane skal bli brukte på ein effektiv og forsvarleg måte.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I. Overordna målsetjingar for 2008
- II. Andre oppgåver
- III. Budsjettildeling
- IV. Styringsdialog og rapportering
- V. Relevante dokument

I. OVERORDNA MÅLSETJINGAR FOR 2008

Husbanken er ein viktig velferdsaktør, og verksemda sin innsats skal i fyrste rekkje bli retta mot dei måla som er sette innanfor det bustadsosiale arbeidet, jf. hovudmål 2.

Departementet ber om at Husbanken prioriterer følgjande satsingsområde for 2008:

- Arbeidet med å aktivt stimulera kommunane og andre aktørar til i større grad å nytta seg av lån, bustønad og tilskot slik at det blir skaffa fleire bustader for bustadlause og andre vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- Arbeidet med å få sentrale aktørar i bustad- og byggjesektoren til å satsa på miljøkvalitetar og universell utforming i nye og noverande bustader, både gjennom lån, tilskot og kunnskapsformidling.
- Arbeidet med å synleggjera resultat og effektar av dei tiltaka som er sette i verk for å nå måla.
- Arbeidet med å rapportera på graden av måloppnåing under arbeidsmåla til departementet.

Departementet har utarbeidt hovudmål og arbeidsmål for programområde Bustad, bumiljø og bygg, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008). Målstrukturen er noko endra frå 2007.

HOVUDMÅL 1: EIN VELFUNGERANDE BUSTADMARKNAD

Arbeidsmål 1.1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren

Husbanken skal ha god kompetanse om bustadmarknadene som er knytt til verksemda sine ansvarsområde, noko som spesielt gjeld det bustadsosiale feltet. Husbanken skal vera kjent med bustadlovene som departementet har ansvaret for, og vurdera korleis eventuelle endringar av desse påverkar verksemda si måloppnåing.

Arbeidsmål 1.2: God finansiering av bustader i heile landet

Husbanken skal ha ein supplerande rolle i bustadmarknaden, og Husbanken er særleg viktig i distrikta der private kredittinstitusjonar er meir fråverande. I Husbanken sin låneforvaltning skal Husbanken leggja vekt på kvalitetar som universell utforming og miljø.

Startlånet skal vera ei ordning som kommunane aktivt vurderer i det bustadsosiale arbeidet sitt når dei skal skaffa gode bustadløysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Departementet ber om at Husbanken gjennomfører lokale marknadsføringskampanjar for startlånet over heile landet i løpet av våren 2008.

Husbanken skal starta ei treårig forsøksordning der kommunane og Husbanken fordeler tap på startlån likt frå fyrste krone. 20 kommunar med befolkningsnedgang, innanfor det distriktpolitiske område, får høve til å delta. I tillegg får inntil 5 kommunar frå andre delar av landet delta. Husbanken skal avtala mediehandtering av saka med departementet.

Departementet skal saman med Oslo kommune vurdere tiltak som gjer at eldre personar med svak økonomi og lang butid i regulerte leigebustader i Oslo kan bli buande når reguleringa fell bort 1. januar 2010. Utgreiingsarbeidet skal gjennomførast 2008, med sikte på innspel til store nye satsingar i 2010. Husbanken blir bedt om å setja av nødvendige ressursar til å støtta departementet med utgreiingar i samråd med departementet. Det kan òg bli aktuelt å overføra prosjektleiinga til Husbanken.

HOVUDMÅL 2: BUSTADER TIL VANSKELEGSTILTE PÅ BUSTADMARKNADEN

Hovudmål 2 skal ha høgaste prioritet i Husbanken sitt arbeid i 2008. Husbanken si primæroppgåve er å støtta og leggja til rette for at kommunane, som er den sentrale gjennomføraren av bustadpolitikken, kan utføra jobben på ein heilskapleg og effektiv måte. Viktige føresetnader for å lukkast i dette arbeidet er:

- Eit godt samspel mellom økonomiske, juridiske og kompetansehevande verkemiddel.
- Eit godt samarbeid til andre velferdsaktørar som for eksempel IMDI, Sosial- og helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsetaten, interesseorganisasjonar med fleire.

Arbeidsmål 2.1: Førebyggja og avskaffa bustadløyse

I Soria Moria-erklæringa har regjeringa sagt at den vil avskaffa bustadløyse. Dette er eit høgt prioritert mål for regjeringa, og Husbanken sin fremste jobb er å medverka til at målet blir nådd.

Den nasjonale strategien for å førebyggja og avskaffa bustadløyse, "På veg til eigen bustad", blei avslutta i 2007. Gjennom arbeidet med strategien har aktørar på tvers av forvaltningsnivå og sektorar fått viktig erfaring og kompetanse som er nødvendig for å nå regjeringa sitt mål om å avskaffa bustadløyse. Husbanken si koordinerande rolle i arbeidet mot bustadløyse har vore avgjerande. Sjølv om strategien blei avslutta i 2007, skal Husbanken si koordinerande rolle og innsats fortsetja med full styrke.

Det viktigaste satsingsområdet for Husbanken i 2008 er å leggja til rette for at kommunar og andre aktørar skaffar fleire bustader for bustadlause og andre svært vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette skal Husbanken gjera gjennom bruk av bustadtilskot, kompetansetilskot og eventuelt startlån. For dei prosjekta som har høg prioritet og som eventuelt òg har høge oppstartingskostnader, kan tilskotsutmålinga vera høgare enn 20 prosent. Departementet viser til at samla gjennomsnitt for tilskotsutmåling for bustadtilskot til utleigebustader skal vera på om lag 20 prosent.

Tiltak som medverkar til å førebyggja og avskaffa bustadløyse skal ha fyrsteprioritet innanfor låne- og tilskotsordningane.

Husbanken skal fortsetja å rapportera på resultatmåla frå strategien. Desse er:

1. Talet på krav om utkastingar skal reduserast med 50 pst. og talet på utkastingar med 30 pst.
2. Ingen skal måtte vera i mellombelse løysingar etter lauslating frå fengsel
3. Ingen skal måtte vera i mellombelse løysingar etter utskrivning frå institusjon
4. Ingen skal bli tilboden døgnovernatting utan kvalitetsavtale
5. Ingen skal opphalda seg meir enn tre månadar i mellombelse butilbod

I fyrste kvartalsrapport skal resultatmål 1 rapporterast på, og i tredje kvartal skal det rapporterast på dei andre resultatmåla. Husbanken kan velja ut relevante tema som blir utdjupa i kvar kvartalsrapport, gjerne i vedleggsform.

Departementet ber Husbanken om å gjera ei vurdering av kva for informasjons- og erfaringsutvekslingsfôra som er formålstenlege og som gir dei beste resultata i forhold til arbeidsmålet 2.1. Departementet ønskjer å bli orientert om dette arbeidet gjennom 3. kvartalsrapport 2008.

Etter departementet si oppfatning har Staten sin tiltakspris for bustadlause vore ein positiv stimulans i arbeidet mot bustadløyse, og Husbanken blir bedt om å vidareføra dette arrangementet.

Husbanken blir bedt om å gjera ferdig ein samla rapport om strategien "På veg til eigen bustad" innan 15. april 2008. Departementet ønskjer at det i rapporten blant anna blir vist til relevante FOU-oppdrag, og ei oversikt over ressursbruken på dei aktuelle ordningane for strategiperioden. Husbanken sin sluttrapport vil vera eit viktig grunnlag for evalueringa av strategien.

Husbanken skal arbeida for at resultata frå kartlegginga av bustadløyse, saman med vurderingar om måloppnåinga, kan sendast departementet innan 1. juni slik at desse kan rapporterast på i statsbudsjettet for 2009.

Arbeidsmål 2.2: Flyktningar skal kunna etablere seg i bustad

Departementet viser til Husbanken si undersøking om diskriminering i den norske leigemarknaden. I løpet av 2008 skal Husbanken senda departementet ei vurdering av resultata frå undersøkinga, og foreslå eventuelle tiltak for det vidare arbeidet.

Det blir vist til Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrarbefolkninga og Mål for inkludering, jf. vedlegg til St.prp. nr. 1 (2007-2008) Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Departementet ber Husbanken om å vurdere nye og

forbetra indikatorar om problemstillinga innan 15. mai 2009. Dette arbeidet skal bli sett i lys av resultatane frå undersøkinga om diskriminering i den norske leigemarknaden.

Departementet viser til regjeringa sin handlingsplan mot tvangsekteskap, der det står at det skal etablerast ytterlegare butilbod for unge over 18 år som blir utsette for tvangsekteskap (tiltak 27), samt at kvaliteten i dagens bu- og behandlingstilbod skal utgreiast (tiltak 26). Departementet vil kome tilbake til Husbanken si rolle i det vidare arbeidet med krisebustader for unge som blir utsette for tvangsekteskap når denne utgreiinga er klar våren 2008. Koordinerings- og rettleiingsansvaret som Husbanken har for krisebustadene blir vidareført i 2008.

Husbanken er representert i Nasjonalt utval for busetjing av flyktningar, leia av IMDI. Husbanken og IMDI har òg inngått samarbeidsavtale. Departementet ønskjer å bli orientert på eigna måte om utvalet sitt arbeid, og om samarbeidet mellom verksemdene og med KS.

Arbeidsmål 2.3: Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne skaffa seg og behalda ein eigna bustad

Husbanken skal følgja opp evalueringa av bustadtilskotet sin funksjon for familiar med barn som har nedsett funksjonsevne, "Hus for alle?" (Nordlandsforskningsrapport nr. 1/2007). Husbanken skal blant anna formidla synspunkt på korleis retningslinjene bør tolkast, og oppretta kontakt med interesseorganisasjonane og kompetansmiljø for å informere om bustadtilskotet og Husbankens lånetilbod.

Departementet ønskjer å understreka at det er eit viktig arbeid som Husbanken gjer overfor kommunane når det gjeld informasjonstiltak om bustadsituasjonen for psykisk utviklingshemma. Husbanken bør oppmoda kommunane til å informera om sjansane som dei mest ressurssterke av dei psykisk utviklingshemma har til å skaffa seg ein eigen bustad, jf. Husbanken sine økonomiske verkemiddel.

Arbeidsmål 2.4: Personar med svak økonomi skal kunne etablere seg i bustad

Arbeidsmålet omfattar personar med svak økonomi. Målgruppa er samansett og noko overlappende med dei andre målgruppene under hovudmålet. Departementet finn det derfor formålstenleg å omtale Husbanken sin innsats på det bustadsosiale feltet under dette arbeidsmålet.

Departementet skal i 2008 vurdere målstrukturen under hovudmål 2. Dette vil særleg skje i lys av Riksrevisjonens pågåande forvaltningsrevisjon av butilbod for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Departementet ber om innspel til nye arbeidsmål og resultatmål under dette hovudmålet innan 15. april 2008.

Departementet ber Husbanken om å utarbeida utkast til eit nytt rundskriv om bustadsosialt arbeid innan oktober 2008. Husbanken skal samarbeida med Sosial- og helsedirektoratet om utarbeidinga av utkastet. Det skal blant anna innehalda gode eksempel på konkrete tiltak for å hjelpa sosialt og økonomisk vanskelegstilte på bustadmarknaden, medrekna finansieringsløysingar for bustader. Det blir òg vist til rundskriv U-10/2002, "Boligsosialt arbeid - hjelp til å mestre et boforhold".

Ein ny samarbeidsavtale om bustadsosialt arbeid mellom KS og regjeringa trer i kraft 1. januar 2008. Departementet vil be Husbanken om bistand til oppfølginga av delar av forpliktingane som er knytt til avtalen. Det blir òg vist til Husbanken sin eigen samarbeidsavtale med KS om bustadpolitikk. Husbanken skal arbeida for eit nært samarbeid med KS og kommunane om bustadsosialt arbeid i 2008.

Departementet viser til undersøkinga som Husbanken har starta om bustønad, bustadtilskot og startlån, og om desse saman utgjer gode finansieringspakker i kommunane sitt arbeid. Departementet ber Husbanken senda undersøkinga saman med Husbanken sine vurderingar av problemstillingane og funna innan 1. mai 2008. Det blir òg vist til St.prp. nr. 1 for 2008.

Husbanken skal i 2008 fortsetja arbeidet sitt med å stimulera kommunane til meir målretta bruk av startlån. Blant anna skal Husbanken gjennomføra kurs i skjønsvurdering av betalingsevne og starta tiltak for å gjera ordninga betre kjend i kommunane si leing.

Bustønaden er det viktigaste økonomiske verkemiddelet i Husbanken sin innsats på det bustadsosiale feltet, og departementet ønskjer å vita meir om bustønaden sin verdi for ulike målgrupper. Husbanken blir derfor bedt om å gjera ei undersøking av "turn-over" i bustønaden for ulike brukargrupper innan utgangen av 1. juli 2008. Husbanken blir bedt om å kontakta departementet for å diskutera opplegget for undersøkinga nærmare.

Departementet ber Husbanken om å utarbeida andre faglege analysar av bustønaden etter eige initiativ, samt sørgja for at budsjetteringa og innspel på konsekvensar har høg og tilfredsstillande kvalitet. Dette er eit ledd i arbeidet med å forbetra bustønaden, og er nødvendig for å følgja opp behovet departementet har i samband med budsjettarbeid og spørsmål frå Stortinget og andre.

Departementet ber Husbanken å undersøkja nærmare årsakene til den svake nettotilveksten av kommunale bustader, og foreslå eventuelle tiltak. Sentrale spørsmål er om det økonomiske og juridiske rammeverket er godt nok. Husbanken skal sende si vurdering av eventuelle tiltak innan 15. august 2008.

Departementet stiller seg positiv til Husbanken sitt pågåande statistikkprosjekt som omhandlar bruk av eigenprodusert statistikk, annan bustad- og levekårsstatistikk og kopling til statistikk frå SSB. Departementet ber Husbanken prioritera dette arbeidet høgt for å betre grunnlagsdata på politikkområdet.

Husbanken skal fortsetja arbeidet sitt mot bustaddelen av KOSTRA (skjema 13). Departementet ber Husbanken medverka i arbeidet, som blir leia av SSB (skjemaevaluering) om korleis KOSTRA-data kan bli betre. Departementet viser til arbeidet i KOSTRA si Rammeverksgruppa for universell utforming, oppretta hausten 2007, som skal følgja opp Samordningsrådet sine anbefalingar. Vidare blir Husbanken bedt om å vurdera om det i større grad kan bli drege nytte av rekneskapsdata i KOSTRA og gjennom dette kunne seia noko meir om måloppnåing på området. Departementet ønskjer at data frå KOSTRA skal visast i dei årlege rapporteringane på politikkområdet til Stortinget i statsbudsjetta.

Departementet viser til Levekårsundersøkinga for 2007 og ber Husbanken om å setja av ressursar til å analysere datamaterialet når dette er klart.

Husbanken har etablert Boligsosialt studium i samarbeid med fleire høgskolar. I 2008 skal det vera eit prioritert mål at tilsette i kommunar, frivillige organisasjonar og statlege etatar, som arbeider med bustadsosiale spørsmål, skal få tilbod om dette deltidsstudiet. Husbanken skal på sikt arbeida for styrking av undervisninga i bustadsosialt arbeid i helse og sosialfaglege utdanningar i bachelor og relevante masterutdanningar.

Arbeidet som rettar seg mot vanskelegstilt ungdom i overgang til eigen bustad bør styrkjast i 2008. Husbanken blir bedt om å ta initiativ til eit statleg samarbeid for ytterlegare utviklingsarbeid for å finna fram til bustad- og tenestemodellar som best mogeleg kan møte dei vanskelegstilte ungdomane sine behov.

HOVUDMÅL 3: BYGGJEPROSESSEN SKAL VERA GOD OG EFFEKTIV

Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvennleg og målretta byggjesaksbehandling

Husbanken har ingen nye oppgåver under dette arbeidsmålet.

Arbeidsmål 3.2: Auka seriøsitet og færre byggjefeil i byggjenæringa

Husbanken skal medverka til at den erfaringa og kunnskapen som kjem fram av Byggekostnadsprogrammet sine prosjekt blir vidareformidla, slik at flest mogeleg aktuelle aktørar kan dra nytte av resultatane. Dette vil gi grunnlag for varige endringar og forbetringar i byggjenæringa.

Arbeidsmål 3.3: Styrkt kompetanse og tilsyn i kommunane

Husbanken har ingen oppgåver under dette arbeidsmålet.

HOVUDMÅL 4: FLEIRE MILJØVENNLEGE OG UNIVERSELT UTFORMA BUSTADER OG BYGG PÅ ATTRAKTIVE STADER

Arbeidsmål 4.1 og 4.2 skal ha nest høgast prioritet i Husbanken i 2008. Departementet ber om at Husbanken søker å integrera bærekraftige kvalitetar, som miljøomsyn og universell utforming, i bustadløysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden, der dette er formålstenleg.

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvennlege bustader og bygg

Departementet ber Husbanken om å samarbeida med Statens bygningstekniske etat om oppfølginga av dei nye energikrava i Teknisk forskrift. Husbanken blir bedt om å bidra med kompetanse og innsikt i Statens bygningstekniske etat sitt arbeid med å undersøka om dei nye krava fungerer etter intensjonen. Husbanken skal medverka i Statens bygningstekniske etat sitt arbeid med å utvikla statistikkgrunnlag over den faktiske energibruken i bustader og andre bygg.

Det er viktig at Husbanken og Statens bygningstekniske etat har fokus på framtidige revisjonsbehov av energikrava i TEK, og støttar forskning og utgreiing for å førebu grunnlag for ein revisjon. Det blir òg bedt om at Husbanken stimulerer til forsøksbygging av passivhus for å henta erfaringar med denne typen løysingar.

I 2008 skal Husbanken vidareføra stønaden og samarbeidet med Byggemiljø.

I 2008 skal Husbanken ha eit auka fokus på bruk av miljøriktige byggjeverar og stoff i byggjearbeidet.

Husbanken skal rapportera om oppfølging av miljøhandlingsplanen for bustad- og byggsektoren i fyrste kvartalsrapport i 2008. Det blir bedt om at Husbanken avset ressursar til å samarbeida nært med departementet og Statens bygningstekniske etat om ein ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren. Den nye planen skal gjelda for perioden 2009-2012.

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde

I 2008 vil det kome nye reglar om krav til heis i nye fleirbustadhus. Departementet ber om at Husbanken utarbeider gode og detaljerte statistikkar om grunnlån og heis i fleirbustadhus. Målet er å få dokumenterte verknader av eit skjerpt heiskrav på ein mest mogeleg formålstenleg måte.

Det blir forventa at Husbanken og Statens bygningstekniske etat følgjer opp arbeidet som har starta med å utvikle standardar om universell utforming i og til bygg. Det blir vist til arbeidsgruppa som blir leidd av Standard Noreg, og til informasjonstiltak om nye standardar i relevante fora.

Departementet viser til Stortinget si behandling av statsbudsjettet for 2008, der dei bad om at inntil 5 mill. kr blei satt av til prosjektering av heis i gjeldande bustader. Desse midlane skal dekkast inn under kap. 581, post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader, og skal kunne bli gitt til relevante aktørar for prosjektering av heis. Departementet ber om at Husbanken reviderar retningslinjene for ordninga i lys av dette tiltaket.

Det etablerte samarbeidet mellom Husbanken og Statens bygningstekniske etat om informasjonsprogrammet om universell utforming, skal vidareførast.

Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø

Husbanken skal fortsetja arbeidet som nasjonalt kompetansesenter for god byggjeskikk og områdeutvikling.

Husbanken skal vidareføra det gode samarbeidet til andre statlege aktørar og fylkeskommunane om regionale kursopplegg om byggjeskikk og stadsutvikling, og søkja samarbeid om andre konkrete oppgåver der dette er formålstenleg og ressurseffektivt.

Husbanken sitt arbeid innanfor områdesatsing skal som utgangspunkt ha fokus på bustadsosiale problemstillingar innanfor levekår, segregering, behov for fysisk opprustning og meir. Regjeringa vil følgja opp intensjonsavtalen med Oslo kommune om Groruddalssatsinga. Departementet vil gjennom Husbanken støtta opp under dei hovudstrategiane og tiltaka som blir prioriterte lokalt. Det skal leggjast stor vekt på lokal kompetansebygging, lokalt eigarskap til å setta i verk tiltak og prosessar som sikrar vidareføring og langsiktig effekt. Departementet vil kome tilbake til kva oppgåver Husbanken skal vareta i samband med det komande samarbeidet mellom regjeringa og Oslo kommune om ei områderetta satsing i Oslo sør.

Departementet vil utnemna ny jury for Staten sin byggjeskikkpris i løpet av 1. halvår 2008. Departementet ber om forslag til medlemmer og varamedlemmer innan 15. april 2008. Departementet vil òg utforma nytt mandat for prisen i samråd med Husbanken. Det blir bedt om at Husbanken vurderer om det skal etablerast ein ny pris for områdeutvikling, medrekna om dette skal innarbeidast som ein viktig del i det nye mandatet for Byggeskikkprisen.

Departementet vil styrkja satsinga på stadsutvikling gjennom blant anna det fireårige programmet BLEST - BoLyst og Engasjement i Småbyer og Tettsteder. Husbanken får tildelt 9 mill. kr til arbeidet i 2008. BLEST er primært ei regionalpolitisk satsing og eit viktig ledd i departementet sitt arbeid for utvikling av attraktive småbyar og tettstader. Programmet blir finansiert over kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikken. Husbanken skal gjennom BLEST medverka til utvikling av velfungerande, trygge og identitetsskapande

lokalsamfunn til nytte for folk og næringsliv. Husbanken skal samarbeida med fylkeskommunane om dei konkrete lokale prosjekta som BLEST støttar. Departementet ber om at Husbanken gir ein kortfatta rapport om programmet ein gong per år med frist 15. mai. Rapporten skal innehalde ei oversikt og kort omtale av aktivitetane i programmet, med informasjon om blant anna omfang, geografi og samarbeidsaktørar.

HOVUDMÅL 5: EFFEKTIV OG BRUKARORIENTERT FORVALTNING

Arbeidsmål 5.1: Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Departementet ber Husbanken om å undersøkje om systemet med låneforvaltning av startlån kan gjerast enda meir fleksibelt og formålstenleg for kommunane.

Departementet ønskjer å leggja vekt på verdien av det samarbeidet som Husbanken har etablert med andre offentlege instansar, som Statens bygningstekniske etat, KS, Sosial- og helsedirektoratet, IMDI, Arbeids- og velferdsetaten med fleire. Departementet stiller seg òg positiv til at Husbanken etablerer intensjonsavtale med andre aktørar i for eksempel bygge- og anleggsbransjen. Husbanken må i slike høve passa på at avtalane held seg godt innanfor god forvaltningskikk. Departementet si oppfatning er at slikt samarbeid kan gi auka gjennomslag for dei bustadpolitiske måla som Husbanken arbeider for.

Departementet arbeider med eit forslag til ny husbanklov. Sjølv om lova ikkje vil tre i kraft i 2008, kan det bli behov for å førebu oppfølginga av ei lovendring. Det skal òg utarbeidast nye forskrifter for Husbanken. Departementet ber Husbanken ha kompetanse og kapasitet til å yte bistand til departementet om dette.

Departementet ber Husbanken om at rapporteringa og statistikken, så langt det lar seg gjera, blir fordelt etter kjønn. Husbanken skal òg rapportera på eventuelle ulikheitar.

Arbeidsmål 5.2: Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver

Husbanken skal fortsetja å halda høgt fokus på budsjettering av alle poster. Det er eit mål at avvika i statsrekneskapen skal vera så minimale som mogeleg og at krava i løyvingsreglementet blir følgde.

Husbanken er ein av pilotane i arbeidet med å prøva ut periodisk rekneskap for statlege verksemdar. For å oppnå erfaringar med å bruke slik rekneskapsinformasjon i styringa, skal verksemda si årsmelding for 2008 innehalda både ein kontantrekneskap og ein periodisk rekneskap med resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, noter og leiinga sine kommentarar, i samsvar med mellombelse statlege rekneskapsstandardar (SRS).

Leiinga sine kommentarar til den periodiske rekneskapen skal vera på eit strategisk nivå, og skal minimum omfatta forklaringar til vesentlege avvik mellom

resultatrekneskap og resultatbudsjett for 2008. Det skal òg bli gitt forklaringar til vesentlege endringar mellom årsrekneskapen for 2007 og 2008. Den periodiske årsrekneskapen med tilhøyrande kommentarar frå leiinga, skal vera godkjend og underskriven av verksemda si leiar. Det skal òg bli gitt forsikring på at rekneskapen er avlagd i samsvar med SRS.

I tillegg til årsmeldinga blir Husbanken i 2008 bedt om å utarbeida to delårsrekneskapar til departementet med noter og kommentarar frå leiinga i samsvar med prosjektet med periodisk rekneskap og dei retningslinjer og freistar som er knytt til det. Kommentaranane bør utformast på same måte som forventa i årsmelding. Rapporteringa skal vera godkjend og underskriven av verksemda sin leiar.

Husbanken blir bedt om å senda plan for verksemda for 2008 i samband med 1. kvartalsrapporten.

II ANDRE OPPGÅVER

Kommunikasjon og informasjon

Husbanken skal bruka informasjon som eit strategisk verktøy basert på målgruppetenking. Informasjonsarbeidet skal støtta verksemda sine strategiar, og det skal leggjast opp til eit aktivt informasjonsarbeid. Informasjon bør bli gitt i så god tid som mogeleg, og Husbanken må ha ein aktiv strategi for å gjere bruk av kommunane sine eigne informasjonskanalar for å nå fram til målgruppene. Husbanken bør òg vurdere nytten av eit utvida informasjonssamarbeid med større interesseorganisasjonar nasjonalt og regionalt.

Husbanken skal orientera departementet i god tid før offentleggjering av utgreiingar som Husbanken har ansvaret for. Departementet ber om at Husbanken vurderer utgreiingane i lys av eventuell politisk interesse og konsekvensar.

Husbanken skal ha etablerte rutinar for når departementet skal bli orientert om saker som kan bli store/vanskelege/kontroversielle i media. Husbanken må ha tilfredsstillande planar for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet vil vere ein viktig del.

Det blir forventa samtidig at Husbanken tek kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing skal vera ein del av den konkrete synleggjeringa.

Internasjonalt arbeid

Husbanken skal følgja med på internasjonale trendar og aktuell utvikling i andre land som har relevans for norsk bustadpolitikk. Særleg vekt skal leggjast på utviklinga innan

EU og dei nordiske landa, jf. blant anna handlingsplanen for gjennomføring av Europapolitikken.

World Urban Forum IV blir arrangerte i Nanjing, Kina i oktober 2008. Husbanken har fått i oppgåve å koordinera arbeidet med ei offisiell norsk utstilling til dette arrangementet. Dette inneber å koordinere bidrag frå ulike bidragsytarar innanfor ei ramme som blir sett av koordineringsgruppa. Husbanken må ta høgde for å kunne dekkja utgifter til utarbeiding av relevant materiale frå eige fagområde samt koordinera bidrag frå andre etatar til utstillinga.

Departementet viser til at Noreg ved Husbanken har tatt ansvaret for å arrangera eit seminar om bustadløyse i Europa i Oslo i 2008. Dette er eit ledd i oppfølginga av ministermøte i UNECE sin komité for Bustad- og landspørsmål i 2006. Husbanken skal halda departementet orientert om førebuingane av arrangementet, og i god tid gi beskjed om departementet si forventa rolle.

Husbanken skal hjelpa departementet ved spørsmål i saker om EU/EØS.

Deltaking i internasjonale organ, arrangement og møte som har ein politisk funksjon, eller der deltaking vil handla om norske interesser, er departementet si oppgåve. Departementet kan ved særskilt fullmakt be tilsette i Husbanken om å representera departementet i slike fora.

FOU

Hovudprioriteringane i regjeringa sin bustadpolitikk skal vera rettesnor for Husbanken sin bruk av midlar til forskning og utvikling. Det skal leggjast særleg vekt på å skaffa kunnskapsgrunnlag for å gjera det mogleg å vidareutvikla ein effektiv politikk overfor bustadlause og andre vanskelegstilte på bustadmarknaden, og motarbeiding av diskriminering på bustadmarknaden. Vidare skal FoU som stimulerar til økt omsyn til klima og miljø og universell utforming ha høg prioritet.

Departementet ber Husbanken om å vurdere behovet for å etablera eit forskingsprogram for bustadpolitiske problemstillingar i lys av eit velferdsøkonomisk perspektiv. Formålet skal vera å auke kompetansen på bustadfeltet, særleg i forhold til nasjonale og lokale behov og utfordringar. Husbanken skal i løpet av 2008 gi departementet sine vurderingar på eit slikt langsiktig tiltak.

Departementet ønskjer at Husbanken arrangerer to FOU-seminar i løpet av 2008, der både departementet, større interesseorganisasjonar og forskingsinstitutt deltek. Eitt av seminara skal handla om vanskelegstilte på bustadmarknaden, og eitt om klima, miljø og universell utforming.

Oversending av forskingsrapportar til departementet skal inkludera eit notat om Husbankens vurderingar om rapporten og rapporten sine konklusjonar.

Departementet har merka seg at mange instansar bestiller forskingsarbeid om bustadsosialt arbeid. Dette er positivt, men det blir òg registrert at nokre av oppdraga overlappar kvarandre. Som følgje av mange spørjeskjema med overlappende punkt, har det frå kommunar kome reaksjonar som ber om betre samordning. Husbanken blir bedt om å ta eit initiativ til at statlege organ og andre bestillarar samordnar planane sine for forskning innan bustadsosialt arbeid.

Departementet har færre midlar til rådvelde til utgreiing enn tidlegare. Departementet vil eventuelt koma med konkrete bestillingar gjennom tillegg til tildelingsbrev om behovet for tilleggsutgreiingar skulle oppstå.

Risikostyring og intern kontroll

Husbanken skal innan 1. oktober 2008 senda departementet ein overordna risikoanalyse som òg inneheld risikoreduserande tiltak. Analysen skal gjerast i samsvar med fastsette arbeidsmål. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet. Strategiplanar og større utviklingstiltak i verksemda skal alltid byggja på risikovurderingar.

Departementet ønskjer fleire gode styringsparametrar som viser til effekt og måloppnåing, jf. tilbakemeldingsbrevet for 2006 av 2. oktober 2007. Departementet ber derfor Husbanken om å etablere ei arbeidsgruppe som skal utarbeida nye styringsparametrar innan 1. november 2008. Arbeidsgruppa skal ha oppstart innan 1. kvartal 2008 og skal ha deltaking frå departementet. Det er eit mål at tildelingsbrevet for 2009 skal ha nokre av dei nye styringsparametrane. Det blir òg vist til omtale under arbeidsmål 2.4 om innspel til nye arbeidsmål under hovudmål 2.

Departementet er avhengig av at Husbanken har god intern kontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikra at fastsette mål og resultatkrav blir følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda blir drive i samsvar med god forvaltningskikk, gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og anna relevant regelverk.

På bakgrunn av rapportar mottekne av Husbanken, samt årsrekneskapen, skal departementet jamleg kontrollere at stønaden som blir gitt til Husbanken blir nytta i tråd med det som kjem fram av husbanklova, forskrifter til husbanklova med tilhøyrande retningslinjer samt av dette tildelingsbrevet. Slike kontrollar skal gjerast for å bringa på det reine at Husbanken berre utfører tenester av allmenn økonomisk verdi. Departementet skal vidare jamleg kontrollere at Husbanken sitt regelverk, medrekna lov, forskrift, retningslinjer og tildelingsbrevet, ikkje opnar for at grupper som ikkje blir sett på som støtteverdige ut i frå Husbankens overordna mål, blir gitt tilgang til lån og

stønadsordningar. Slike kontrollar skal òg gjerast for å kontrollera at Husbanken berre gir tenester av allmenn økonomisk verdi.

På bakgrunn av rapportar mottekne frå Husbanken, samt årsrekneskapen, skal departementet jamleg kontrollera at det ikkje blir utbetalt overkompensasjon til Husbanken. Dersom overkompensasjonen overstig 5 prosent, skal Husbanken vere forplikta til å tilbakebetala midlane til Staten så snart som mogleg.

Systematiske brukarundersøkingar

Regjeringa har sett seg som mål at innbyggjarane i større grad skal kunna påverka kvaliteten og utforminga av dei statlege tenestene. Regjeringa har vidare vedteke at alle publikumsretta statlege etatar skal gjennomføra systematiske brukarundersøkingar, og at resultatane som hovudregel blir gjorde allment tilgjengeleg. Departementet ber om at Husbanken følgjer dette vedtaket, og at det blir rapportert på arbeidet i fyrste kvartalsrapport for 2008.

Offentlege innkjøp

Innkjøpsstrategi

Departementet viser til tildelingsbrev for 2007 der Husbanken blei bedt om å utarbeida målsetjingar, strategi og planar for innkjøpa som inkluderer bruk av elektroniske prosessar. Det blir bedt om at status for arbeidet blir sendt departementet innan 1. kvartal 2008.

Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp

Regjeringa la fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp sommaren 2007. Planen inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp der det blir stilt konkrete krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper, jf. Handlingsplan 2007-2010 T-1467 B Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Den einskilde statlege verksemd må sørge for å følgja opp miljøpolitikken og den skal inngå i det interne styringssystemet til den einskilde verksemd.

Vidareføring av miljøleing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleing er ein dynamisk og kontinuerleg prosess. Det skal gjerast ein årleg revisjon av arbeidet der det blir lagd til rette for kontinuerlege forbetringar. På www.gronnstat.no er det samla rettleiingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføring av miljøleing. Verksemder med omfattande miljøutfordringar blir oppmodne til å innføra tredjepartssertifiserte system for miljøleing.

I årsmeldinga skal følgjande inngå:

- Korleis handlingsplanen er følgt opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleing i verksemda

Oppfølging av IA-avtalen i staten

Departementet ber Husbanken om å følgja opp IA-avtalen i staten, særleg i forhold til mål om å redusera sjukefråværet, behalda og rekruttera personar med redusert funksjonsevne og å auka den reelle pensjoneringsalderen. Arbeidet skal rapporterast på i samband med 1. kvartalsrapport.

Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Departementet viser til regjeringa sitt forsøk med moderat kvotering av personar med innvandrarbakgrunn i statsforvaltninga. Departementet er kjent med at Husbanken er ei av dei tolv statlege verksemder som er valt ut for å delta i forsøksordninga som startar opp i januar 2008. Departementet ber Husbanken om å følgja opp dette arbeidet.

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder skal setja mål og utarbeida planar for å auka rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan f.eks. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsmeldinga. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsmeldinga for 2008 skal det på denne bakgrunnen rapporterast på:

- Tal og del (i prosent) av tilsette (faste og mellombelse stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008.
- Tal og del av tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2009.

III BUDSJETTILDELING 2008

I tillegg til Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) og St.prp. nr. 1 (2007-2008) KRD, blir det vist til forskrifter og retningslinjer for Husbankens bustønad og låne- og tilskotsordninger.

Følgjande utgifter og inntekter blir stilt til disposisjon for Husbanken sitt arbeid i 2008:

Utgifter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
2412	Den Norske Stats Husbank	
	1 Driftsutgifter	290 050
	45 Større utstyrsframskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	14 300
	72 Rentestøtte	17 000
	90 Lån til Husbanken, <i>overslagsløyving</i>	11 012 000
552	Nasjonalt samarbeid for regional utvikling	
	72 Nasjonale tiltak for regional utvikling, <i>kan overførast</i>	9 000
580	Bustønad	
	70 Bustønad, <i>overslagsløyving</i>	2 437 400
581	Bustad- og bumiljøtiltak>	
	74 Tilskot til bustad-, by- og stadsutvikling	43 000
	75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader, <i>kan overførast</i>	623 400
	78 Kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>	75 600
582	Skuleanlegg og kyrkjebygg	
	60 Rentekompensasjon - Skuleanlegg, <i>kan overførast</i>	828 400
	61 Rentekompensasjon - Kyrkjebygg, <i>kan overførast</i>	74 100
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar	
	63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 757 600
	64 Investeringsstilskot, <i>kan overførast</i>	100 000

Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
5312	Den Norske Stats Husbank	
	1 Gebyr m.m.	18 787
	90 Avdrag	9 369 000
5615	Renter frå Den Norske Stats Husbank	
	80 Renter	4 758 000

Meirinntektsfullmakt

Husbanken kan i 2008 overskrida løyvinga under kap. 2412, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarende meirinntekt under kap. 5312, post 1 Gebyr m.m., jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) romartalsvedtak II.

Oversikt over løyvingar, tilsegnfullmakter og tilsegnsrammer for 2008

Tabellen under gir ei oversikt over løyving, tilsegnfullmakt og tilsegnsramme for dei ulike tilskotsordningane, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008). Det blir vist til romartalsvedtak IV for tilsegnfullmakter.

(i 1 000 kr)

	Løyving	Tilsegnfullmakt	Tilsegnsramme
581/75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader	623 400	186 700	641 500
581/78 Kompetansetilskot	75 600	59 100	84 500
586/64 Investeringsstilskot	100 000	400 000	500 000

LØYVING AV LÅNERAMME 2008

Husbanken er gitt ei låneramme på 13 mrd. kr i 2008, jf. romartalsvedtak IX i St.prp. nr. 1 (2007-2008).

Startlånet skal ha fyrsteprioritet innanfor låneramma i 2008. Startlånet skal vera eit godt verkemiddel for at unge og vanskeligstilte på bustadmarknaden skal kunne skaffa seg ein eigen bustad.

Grunnlånet skal vidareførast og Husbanken skal ha fokus på kvalitetar som universell utforming og miljø i oppfølging av nye bustader.

Husbanken har teke opp behovet for å kunne bruke grunnlån til å finansiera forkjøp av leigegardar på vegne av leigetakarar. Departementet har i brev av 23. oktober 2007 sagt at dei materielle føresetnadene og konsekvensane må utgreiast før ei slik ordning kan innførast. Departementet ber Husbanken gjera ei slik utgreiing, der det særleg blir fokusert på dei økonomiske konsekvensane.

KAP. 2412 HUSBANKEN SITT ADMINISTRASJONSBUDSJETT

Post 1 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald

Husbanken skal ha ein effektiv administrasjon. Prioriteringane som blir gitte gjennom tildelingsbrevet skal reflektera ressursbruken òg på administrasjonsbudsjettet.

Husbanken skal framleis ha høgt fokus på modernisering av bustønadsystemet, og departementet ønskjer at status for arbeidet, medrekna formål og framdrift, blir rapportert på i kvartalsmøta.

KAP. 552 NASJONALT SAMARBEID FOR REGIONAL UTVIKLING

Post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling, *kan overføres*

Departementet viser til omtale om BLEST under arbeidsmål 4.3 *Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø*. Husbanken blir i 2008 tildelt 9 mill. kr som skal gå til å støtte opp under denne satsinga.

KAP. 580 BUSTØNAD

Post 70 Bustønad, overslagsløyving

Hovudmålsetjing for 2008 er at Husbanken i samarbeid med departementet skal utarbeida ei ny, forenkla og meir målretta bustønadordning. I dette arbeidet skal Husbanken i samarbeid med departementet, KS og utvalde kommunar, sjå nærmare på kva implikasjonar bustønaden har på kommuneøkonomien.

Husbanken skal setja av inntil 2 mill. kr på kap. 581, post 78 Kompetansetilskot for relevante utgreiingar med meir. Departementet kjem tilbake innan utgangen av 1. halvår 2008 dersom det blir behov for bestillingar.

Husbanken får fullmakt til å justera satsane for rimelig buutgift for bustønaden. Husbanken skal justera satsane innanfor den gitte løyvinga for ordninga. Departementet ber om å bli informert om slike justeringar før dei blir sett i verk.

Departementet viser til følgjande regelverksendringar for bustønaden i 2008:

- Deltakarar på regjeringa sitt nye kvalifiseringsprogram skal kome inn under personkrinsen til bustønaden. Provenyeffekten i 2008 er utrekna til 19 mill. kr.
- Frå 2008 avviklast kravet til finansiering av privat leide bustader for husstandar som mottek attførings- eller rehabiliteringspengar, yrkesskadeerstatning, grunn- eller hjelpestønad, tidsavgrensa uførestønad, eller personar som har sosialhjelp eller kvalifiseringsstønad som einaste inntekt. Provenyeffekten er utrekna til 22 mill. kr.

Departementet vil endra forskrifta i samsvar med desse regelverksendringane. Husbanken blir bedt om å innarbeida endringane i sine retningslinjer og sine administrative støttesystem så snart dette lar seg gjera.

Departementet ber Husbanken om å registrera provenyeffektane ved desse regelverksendringane for 2008, og utarbeida relevant statistikk for tiltaka.

Departementet ber Husbanken ha høgt fokus på misleghald og svindel i behandlinga av bustønaden. Husbanken skal ha eit kontrollsystem for bustønaden som aktivt kontrollerer for dette. I dette arbeidet kan Husbanken sjå til liknande erfaringar frå etatar som for eksempel Arbeids- og velferdsetaten.

I 2006 fekk 28 100 husstandar avslag på søknaden om bustønad. Om lag 25 % av desse klaga på vedtaket, og 82 % av desse fekk innvilga klaga si. Departementet trur at dette som hovudregel skuldast feilregistreringar i kommunane eller feilaktige inntektsopplysningar. Departementet ber Husbanken om å setta i gong tiltak som kan hjelpa til å redusere omfanget av klager. Vidare ber departementet Husbanken om å rapportera på utviklinga i tal for klagesaker i kvartalsrapporten for 4. kvartal 2008. Denne rapporteringa skal visa til både omfang av klager og dei ulike årsakene til kvifor avslag blei gitt.

Departementet ser positivt på Husbanken sine årlege storbymøte for bustønad. Departementet meiner at arbeidet er kompetansehevande når det gjeld regelverket og systemet for bustønad, både for kommunane og Husbanken.

KAP. 581 BUSTAD- OG BUMILJØTILTAK

Post 74 Tilskot til bustad-, by- og stadsutvikling, kan overførast

I samband med tilleggsøyvingar og omprioritering i 2007, fekk posten stikkordet "kan overførast". Dette inneber ein heimel til å overføre ubrukt løyving til dei to følgjande budsjettåra. Departementet ønskjer å minne om kravet til realistisk vurdering av kva sum som kjem til utbetaling i budsjettåret, og at departementet må bli orientert om eventuelle endringar i behovet. Departementet ber Husbanken om å vurdere nytt budsjetteringssystem med innføring av tilsegnsmakter for ordninga. Det blir bedt om at eit slikt innspel blir sendt departementet i samband med tilleggsøyvingar og omprioriteringar for 2008 (reviderte budsjett).

Tiltak som støttar opp under tilskotet sitt formål, skal òg vere prioritert innanfor Husbanken sine låneordningar.

Post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader, kan overførast

Bustadtilskot til utleigebustader skal vera eit prioritert formål innanfor ordninga i 2008.

Departementet viser til omtale under hovudmål 2 Bustader til vanskelegstilte og arbeidsmål 2.1 om å førebyggja og avskaffa bustadløyse. Tiltak som bidrar til å førebyggja eller avskaffa bustadløyse skal ha fyrsteprioritet innanfor ordninga.

Departementet ber Husbanken om å understreka overfor kommunane at omsynet til barn skal vega tungt ved kommunane si prioritering av bustadtilskot til etablering.

Departementet viser til Husbanken sitt forslag til reviderte retningslinjer for kommunane si avsetning frå bustadtilskot til tapsfond for startlån, jf. brev av 1. november 2007. Husbanken foreslo at dei kommunane som har ein del på minimum 20 prosent bustønadmottakarar blant sine startlånskundar, kan avsetje til tapsfond

etter søknad til Husbanken. Departementet meiner forslaget er innanfor Husbanken si fullmakt. Vidare blir Husbanken bedt om, i samarbeid med departementet, å gjennomføra ei utgreiing om relevante faglege prinsipp for risikosikring i løpet av 2008.

Post 78 Kompetansetilskot, kan overførast

Departementet viser til Budsjett-innst. S. nr. 1 (2007-2008) og Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) der det blei vedteke av Stortinget å auka løyvinga med 8 mill. kr på kompetansetilskotet. Denne tilleggsøyva skal i 2008 brukast til å styrkje arbeidet med å framskaffa bustader når innsette kjem ut frå fengselsopphald. Husbanken skal rapportera konkret på bruken av desse midlane.

I tilleggsøyvingar og omprioriteringar for 2006, jf. St.prp. nr. 66 (2005-2006), fekk Husbanken ei tilleggsøyving på kompetansetilskotet på 20 mill. kr som skulle rettast mot varige bustadløysingar. Departementet ønskjer at Husbanken innan 1. juni 2008 rapporterer eksplisitt på denne løyvinga og effektane desse tiltaka har hatt for måloppnåing.

Departementet ber Husbanken om å innkalla til eit møte innan februar 2008, om korleis ein betre kan synleggjera resultatata frå kompetansetilskotet. Dette skal særleg gjelde bustadsosiale prosjekt, men òg innanfor kvalitet.

Departementet foreslår at Husbanken utarbeider ein publikasjon med prosjekt frå kompetansetilskotet. Ein slik publikasjon vil vera eit viktig ledd i å synleggjera kompetansetilskotet sin verdi innanfor blant anna det bustadpolitiske arbeidet, og vidare å synleggjera gode eksempel på velferdsøkonomiske tiltak med overføringsverdi til andre kommunar og aktørar.

I behandlinga av statsbudsjettet for 2008 bad stortingsfleirtalet om at Noregs Velforbund får ei driftsløyving på 1,3 mill. kr over post 78 for budsjettåret 2008, jf. Budsjett-innst. nr. 5 (2007-2008). Det blir vist til tildelingsbrevet for 2005 om søknadsbehandling og rapportering.

KAP. 582 RENTEKOMPENSASJON FOR SKULEANLEGG OG KYRKJEBYGG **Post 60 Rentekompensasjon – skuleanlegg, kan overførast**

Investeringsramma for ordninga er no fullt fasa inn. Løyvinga for 2008 skal gå til å dekkje renteutgifter for den samla investeringsramma på 15 mrd. kr gitt i perioden 2002-2007.

Post 61 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, kan overførast

Investeringsramma for ordninga er no fullt fasa inn. Løyvinga for 2008 skal gå til å dekkje renteutgifter for samla investeringsramma på 1,3 mrd. kr gitt i perioden 2005-2007.

KAP. 586 TILSKOT TIL OMSORGSBUSTADER OG SJUKEHEIMSPLOSSAR

Post 60 Oppstartingsstilskot og Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag

Alle tilsegnene på ordninga er gitte, og det står berre utbetalingar igjen på posten. Departementet ber Husbanken om å følgja opp dei prosjekta som har fått utsetjing og at desse blir ferdigstilte innan utgangen av 1. halvår 2008. Departementet ber om å bli orientert om arbeidet.

Det er inga endring i tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag i 2008. Løyvinga på posten skal dekkje renter og avdrag til dei prosjekta som har fått oppstartingsstilskot etter 1. januar 1997.

Post 64 Investeringsstilskot, *kan overførast*

I 2008 blir det innført eit nytt investeringsstilskot til sjukeheims plassar og omsorgsbustader. Det blir vist til Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008), St.prp. nr. 1 (2007-2008) KR D, og St.meld. nr. 25 (2005-2006).

Tilskotet skal stimulera kommunane til å fornya og auka tilbodet av sjukeheims plassar og omsorgsbustader for personar med behov for heildøgn helse- og sosialtenester, uavhengig av alder, diagnose eller funksjonshemming.

Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring av sjukeheim og omsorgsbustader, og til bygging av felles- og aktivitetsrom til dagaktivitetar med vidare. Modernisering og utbygging skal vera utførde slik at det er tilrettelagt og tilpassa bebuarar med demens og kognitiv svikt, i tråd med anvisningane i Demensplan 2015. Både sjukeheims plassar og omsorgsbustader skal oppfylla branntekniske krav i risikoklasse 6, samt innehalde sprinkelanlegg. Bustader og sjukeheim skal òg ha energieffektive løysingar.

I 2008 skal kostnadstaket vera på 2 mill. kr pr. sjukeheims plass og omsorgsbustad. Tilskot til sjukeheims plassar skal utmål last med normalt 30 pst. av anleggskostnadene for sjukeheims plassar, eller maksimalt 600 000 kr pr. plass. Tilskot til omsorgsbustader skal utmål last med normalt 20 pst. av anleggskostnadene, eller maksimalt 400 000 kr pr. bustad. For renovering av sjukeheims plassar og omsorgsbustader skal maksimumstilskotet vera noko lågare enn dei respektive maksimaltilskota ved nybygging. Fellesareal som er nødvendig for å yta heildøgn teneste i gjeldande bustader, kan finansierast som utbetningsprosjekt med inntil 30 pst. av anleggskostnadene.

Det er kommunen som skal søkja Husbanken om tilskot, men tilskota kan vidareformidlast til frivillige organisasjonar og andre som tilbyr egne bustadløyseringar til personar med behov for heildøgn helse- og sosialtenester på non-profit basis.

Kommunane har plikt til å gi og disponera sjukeheimplassane og omsorgsbustadene til personar med behov for heildøgn helse- og sosialtenester i minst 20 år.

I søknadsbehandlinga skal Husbanken samarbeida nært med fylkesmannen. Husbanken skal bl.a. innhenta utsegner frå fylkesmannen om prosjekta det blir søkt om tilskot til er i samsvar med kommunen sitt behov, og om prosjekta er tekne inn i kommunane sitt årsbudsjett og økonomiplan. Fylkesmannen skal vidare utarbeida ei innstilling til Husbanken om kva søknader som bør bli gitt tilskot innanfor det enkelte års tilsegnsramme, kva som bør vurderast på nytt ved neste år si løyving, og kva som bør avslåast.

Kommunar med størst behov skal prioriterast og fordelinga av tilskot skal ha ein utjamnande effekt på kommunale variasjonar. Kommunar som har ein høg samla heildøgn dekning i sjukeheim og omsorgsbustader bør i hovudsak berre få tilskot til heilt nødvendig standardheving. Fylkesmannen og Husbanken skal utøva eit skjøn når behov for tilskot til den einskilde kommunen blir vurdert. Store forskjellar i levealder, sosiale forhold, geografiske forhold, avstandar, vertskommuneansvar og kommunestruktur gjer dette fornuftig.

Tilsegnsramma for ordninga i 2008 på 500 mill. kr gir rom for finansiering til om lag 1 000 sjukeheimplassar og omsorgsbustader. Det er vidare lagt til grunn ei målsetjing om at det skal bli gitt tilskot til i alt 12 000 bueiningar i perioden 2008–2015. For å få målretta bruk av tilskotsmidlane med tanke på behovsdekning, vil dei årlege tilsegnsrammene bli fordelt mellom Husbankens regionkontor. Med reservasjon om Stortingets vedtak i det enkelte års statsbudsjett, vil òg totalramma for perioden 2008–2015 bli fordelt på regionkontora. Det blir òg gitt ei rettleiande fylkesfordeling av totalramma.

Fordeling av tilsegnsramma mellom regionkontora og den rettleiande fylkesvise ramma vil bli ettersendt.

Departementet vil fastsetja eiga forskrift for ordninga. Husbanken blir bedt om å utarbeida retningslinjer for ordninga med heimel i forskrifta.

ANDRE ORDNINGAR

Lån til barnehagar

Gjennom lånefinansiering og rettleiing skal Husbanken fortsetja arbeidet med å medverka til etablering av nye heiltidsbarnehageplassar i 2008. Husbanken skal sørgja for god låneforvaltning og god vurdering av kredittrisikoen for denne låneordninga. I særleg grad skal Husbanken sørgja for å vurdere kredittrisikoen i dei kommunane som no er nær full barnehagedekning. Dette skal kunne dokumenterast.

Tilskot til studentbustader

Kunnskapsdepartementet vil gi løyving til tilskotsordninga og føringar for Husbanken sitt arbeid med studentbustader i eige tildelingsbrev. Husbanken blir bedt om å setja av nødvendige ressursar til dette arbeidet. Husbanken skal samarbeida med Kunnskapsdepartementet (KD). KRD og KD skal felles gjennomføra styringsdialogen mot Husbanken og denne skal vera koordinert. Dette betyr at Husbanken skal halda KRD orientert om saker som KD tek direkte opp med Husbanken.

IV STYRINGSDIALOG OG RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom departementet og Husbanken består av kvartalsvise møte og følgjande hovuddokument:

- St.prp. nr.1 (2007-2008)
- Departementet sitt tildelingsbrev
- Husbanken sine kvartalsrapportar
- Husbanken si årsmelding
- Departementet sitt referat frå styringsmøte
- Økonomiinstruksen

Det skal vera gjennomgåande samanheng og konsistens mellom dei ulike styringsdokumenta, medrekna Husbanken sin plan for verksemda og sentrale styringsdokument. Alle styringssignal i tildelingsbrevet skal omhandlast i årsmeldinga.

Styringsmøte skal omhandla resultat- og måloppnåing, og dei utpeika satsingsområde skal viast mest merksemd i styringsmøte. Vidare skal møta nyttast for gjensidig informasjon om pågåande arbeid og aktuelle saker i Husbanken og departementet.

Styringskalender 2008:

Dato	Frist for dokumentasjon	Møte	Arrangør
12. februar	21. januar	1. kvartalsmøte	Husbanken arrangerer møtet på Regionkontor Vest
6. mai	22. april	2. kvartalsmøte	KRD
12. august	4. august	3. kvartalsmøte	Husbanken
2. desember	18. november	4. kvartalsmøte	KRD

Det blir vidare vist til årlege og halvårlege kontaktmøte med andre departement som Husbanken utfører oppgåver for. Kontaktmøta skal sikra ei koordinert styring av Husbanken.

RAPPORTERING

Nedanfor følger ei oversikt over dei konkrete rapporteringane som er gjeldande for Husbanken i 2008. Departementet minner om at Husbanken òg må synleggjera status for dei andre oppgåvene som Husbanken har ansvar for og det som følgjer av tildelingsbrevet for 2008.

1. kvartalsrapport
<ul style="list-style-type: none">• Dei fire satsingsområda for 2008• Oppfølging av miljøhandlingsplanen• Arbeidet med systematiske brukarundersøkingar• Status for oppfølging av IA-avtalen i Staten• Plan for verksemda 2008• Status for arbeidet med målsetjingar, strategi og planar for innkjøpa som inkluderer bruk av elektroniske prosessar• Arbeidsmål 2.1, resultatmål 1
2. kvartalsrapport
<ul style="list-style-type: none">• De fire satsingsområda for 2008• Grundig vurdering og status i forhold til måloppnåinga (ev. i eget brev)
3. kvartalsrapport
<ul style="list-style-type: none">• De fire satsingsområda for 2008• Arbeidsmål 2.1, resultatmål 2, 3, 4 og 5• Vurdering av kva for fora som er formålstenlege i arbeidet med bustadløyse
4. kvartalsrapport
<ul style="list-style-type: none">• De fire satsingsområda for 2008• Grundig vurdering og status i forhold til måloppnåinga (ev. i eget brev)• Tal for klagesaker for bustønaden
15. april
<ul style="list-style-type: none">• Samla rapport om strategien "På veg til eigen bustad"• Innspel til nye arbeidsmål og resultatmål under hovudmål 2• Innspel til nye medlemmer i jury for Staten sin byggjeskikkpris
1. mai
<ul style="list-style-type: none">• Resultata og Husbanken sine vurderingar frå utgreinga om finansieringspakken til kommunane (bustønad, bustadtilskot og startlån)
15. mai
<ul style="list-style-type: none">• Kortfatta rapport om aktivitetane i programmet BLEST
1. juni
<ul style="list-style-type: none">• Resultata og Husbanken sine vurderingar frå kartlegginga av bustadløyse• Rapportera på tilleggsløyvinga på kompetansetilskotet på 20 mill. kr som skulle rettast mot varige bustadløysingar, jf. tilleggsløyvingar og omprioriteringar for 2006
15. august
<ul style="list-style-type: none">• Vurdering av tiltak for å redusera den svake nettotilveksten av kommunale bustader
1. oktober
<ul style="list-style-type: none">• Overordna risikoanalyse der risikoreduserande tiltak er inkludert
31. oktober
<ul style="list-style-type: none">• Utkast til eit nytt rundskriv om bustadsosialt arbeid
1. desember
<ul style="list-style-type: none">• Gjennomførte og pågåande evalueringar for 2008

Innan 2008
<ul style="list-style-type: none"> • Resultata og Husbanken sine vurderingar frå undersøkinga om diskriminering i den norske leigemarknaden • Husbanken sine vurderingar av å etablere eit langsiktig forskingsprogram for bustadpolitiske problemstillingar
1. kvartal 2009
<ul style="list-style-type: none"> • Årsmeldinga for 2008 • Status for arbeidet med handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar for offentlege innkjøp • Status for integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn • Orientera om arbeidet i Nasjonalt utval for busetjing av flyktningar • Periodiseringsprosjektet
15. mai 2009
<ul style="list-style-type: none"> • Vurdera nye og forbetra indikatorar om mål for inkludering av innvandrarbefolkninga

Husbanken skal utarbeida årsmelding for 2007. Denne skal sendes til departementet seinast 1. kvartal 2008. Departementet vil sørgja for at den blir vidaresendt Riksrevisjonen. I årsmeldinga skal Husbanken presentere ei vurdering av året som har gått. I årsmeldinga skal det vera omtale og vurderingar om måloppnåing samt omtale av sjukefråværet og status for likestilling, jf. vedlagde mal. Husbanken blir òg bedt om å rapportera på tiltak som er eller blir planlagt i samband med reduksjon av sjukefråvær og fremjing av likestilling.

Kvartalsrapportane skal fokusera på målsetjingar, grad av måloppnåing og effektar av gjennomførte og påtenkte tiltak. I 2. og 4. kvartalsrapporteringa skal Husbanken gi ei grundig vurdering og status i forhold til måloppnåinga. Husbanken avgjer sjølv om dette blir gjort i kvartalsrapporten eller i eit eige oversendingsbrev til departementet. Husbanken sine kvartalsrapportar og annan relevant dokumentasjon skal som hovudregel sendes departementet 2 veker før styringsmøte.

Husbanken må umiddelbart informera departementet om vesentlege avvik frå planar som er vedtatt eller tildelingsbrevet, og fremja forslag om korrigerande tiltak.

V. RELEVANTE DOKUMENT

- St.prp. nr. 1 (2007-2008) Kommunal- og regionaldepartementet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008)
- St.prp. nr. 1 (2007-2008) Statsbudsjettet medregnet Folketrygden (Gul bok)
- St.meld. nr. 1 (2007-2008) Nasjonalbudsjettet 2005, jf. Budsjett-innst. S. I (2006-2007)
- St.prp. nr. 1 (2007-2008) Arbeids- og inkluderingsdepartementet, inkl. vedlegg
- St.prp. nr.1 (2007-2008) Helse- og omsorgsdepartementet
- St.prp. nr.1 (2007-2008) Justis- og politidepartementet
- St.prp. nr.1 (2007-2008) Barne- og likestillingsdepartementet
- St.prp. nr.1 (2007-2008) Miljøverndepartementet
- St.prp. nr.1 (2007-2008) Kunnskapsdepartementet

- St.prp. nr.1 (2007-2008) Kultur- og kirkedepartementet
- Reglementet for og Bestemmelsene om økonomistyring i staten
- Veileder fra Senter for statlig økonomistyring om evaluering av statlige tilskuddsordninger

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg: Mal for likestillingsrapportering for 2007

Kopi:

Riksrevisjonen, riksrevisjonen@riksrevisjonen.no, stale.torstensen@riksrevisjonen.no.

Finansdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Miljøverndepartementet

Barne- og likestillingsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet

Statens bygningstekniske etat

Husleietvistutvalget i Oslo og Akershus

Sosial- og helsedirektoratet

Plan- og administrasjonsavdelingen

Regionalpolitisk avdeling

Vedlegg: Mal som skal nyttast ved likestillingsrapporteringa for 2007

	Tal	Kvinner	Pst.	Menn	Pst.
Toppleiarar					
Mellomleiarar					
Alternativ karriereveg					
Saksbehandlarar					
Kontortilsette					
Sum tilsette					
Gj.snittlig lønnstrinn					
Rekruttert					
Gj.snittlig lønnstrinn nytilsette					
Slutta					
Gj. snittlig overtid					
Redusert arbeidstid					
Fødsels-/omsorgs-/fedrepermisjon					
Sjukefråvær i pst.					
Styreleiar					
Styremedlemer					

Stillingskategoriar iflg. staten sine lønnsplanar. Avvik og spesialstillingar blir forklarde i fotnote. For rapporteringskriterium der verksemda ikkje har data skal det settast ein strek over.